**Fjell kommune**

Arkiv: 256
Saksmappe: 2013/2644-13213/2016
Sakshandsamar: Aud Raknem
Dato: 30.05.2016

# SAKSDOKUMENT

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 60/16 | Komité for drift og forvaltning | 07.06.2016 |

# Oppstart av plan for kulturminne

## Samandrag av saka:

**Saka gjeld oppstart av plan for kulturminne i Fjell kommune. I medhald av vedteken planstrategi for Fjell skal planen utarbeidast som temaplan. Planarbeidet starta med vedtak i komité for drift 03.12.2013 om planarbeid i to fasar. Fase A skulle omhandle areal som inngjekk i rullering av arealdelen til kommuneplanen og framskaffing av naudsynt kunnskap. Fase B vil omfatte alt arealet i kommunen og resultere i ein godkjent plan.**

**Det vil bli lagt opp til brei medverknad i planprosessen. Framlegg til plan er venta hausten 2017.**
**Rådmannen rår til at framlegg til kulturminneplan vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i seks veker.**

### Handsama i Komité for drift og forvaltning - 07.06.2016:

Komitéleiar Ernst M. Einarsen (H) viste til saksframlegget der det står omtalt at komiteen skal velje politisk saksordførar til planarbeidet. Det kom såleis følgjande fellesframlegg v/ Ernst M. Einarsen (H) om nytt punkt 2:

2. Komité for drift og forvaltning vel Andreas Sjalg Unneland (SV) til saksordførar for kulturminneplanen.

Innstillinga, og nytt punkt 2, vart samrøystes vedtekne.

### Vedtak i Komité for drift og forvaltning - 07.06.2016:

1. Komité for drift og forvaltning godkjenner framlegg til arbeidsprogram for plan for kulturminne og vedtek å leggja framlegget ut til høyring og offentleg ettersyn i seks veker.
2. Komité for drift og forvaltning vel Andreas Sjalg Unneland (SV) til saksordførar for kulturminneplanen.

**Innstilling:**
Komité for drift og forvaltning godkjenner framlegg til arbeidsprogram for plan for kulturminne og vedtek å leggja framlegget ut til høyring og offentleg ettersyn i seks veker.

Straume, den 30.05.2016

| | |
|---|---|
| Steinar Nesse | Berit Karin Rystad |
| Rådmann | Plan- og utbyggingssjef |

**Dokument vedlagt saka:**
Framlegg til arbeidsprogram for plan for kulturminne

**Saksopplysningar:**
Kommunestyret gjorde i desember 2015 vedtak om at plan for kulturminne skulle startast i 2016. I medhald av planstrategi for Fjell kommune skal planen utarbeidast som temaplan.

Tema kulturminne og kulturmiljø har sidan 1990-talet vore etterspurt i arealplanlegging og sakshandsaming i Fjell. Arealdelen til kommuneplanen 2007- 2018 lister opp tema kulturminne- og miljø som viktige i neste planrevisjon og rår til å utarbeide ein kulturminneplan. Kommunedelplan for kultur 2007-2010 ønskjer utgreiing av kva for kulturminne og kulturlandskap det kan vera aktuelt å verna og ei prioritering mellom desse. Planprogram for rullering av arealdelen til kommuneplanen 2015-2026 fastsette tidleg i planprosessen kystkultur som eitt av tre hovudtema i rulleringa.

Komité for drift vedtok 03.12.2013 å slutte seg til opplegg for arbeid med plan for kulturminne. Arbeidet vart delt i Fase A- som var avgrensa til areal som inngjekk i rullering av arealdelen til kommuneplanen og framskaffing av naudsynt kunnskap. Fase B – ville omfatte alt areal i kommunen og resultere i ein endeleg plan.

*Arbeidsprogram for kulturminneplan*
Arbeidsprogrammet gjeld Fase B. Føremålet er å gjera omgjevnader og aktuelle mynde kjende med planprosessen på eit tidleg stadium. Programmet skal leggja føringar for arbeidet med kulturminneplanen, synleggjera kva tema som skal skildrast og utgreiast, gje føringar for planprosessen med organisering og fristar og legga til rette for medverknad.

*Målet med kulturminneplanen*
Planarbeidet har som målsetting å kartlegge og prioritere kulturminne som er viktige lokalt. I framtida vil desse kulturminna danne grunnlag for opplevingar, kunnskap og verdiskaping. Målet er å sette kulturminnevernet på dagsorden og skape eit godt grunnlag for ei heilskapleg kulturminneforvalting ved at den vert nytta i all arealplanlegging og byggesakshandsaming. Planen vil skape meir føreseielege tilhøve for eigarar av kulturminne og auka kunnskapen om og interessa for kulturminne blant folk flest.

*Organisering av planarbeidet*
Komité for drift og forvaltning er styringsgruppa for planarbeidet. Komiteen utpeikar politisk saksordførar som skal samordna informasjon til relevante politiske organ, og leia planarbeidet på vegne av styringsgruppa. Politisk saksordføraren løftar òg prinsipielle spørsmål opp til avgjerd i politisk styringsgruppe.

Planen høyrer til under Kultursjefen medan Plan- og utbyggingssjefen har prosjektleiing og sekretariat.

| | |
|---|---|
| Politisk styringsgruppe | Komité for drift og forvaltning (KDF) |
| Politisk saksordførar | Vert oppnemnd av KDF |
| Administrativ styringsgruppe | Rådmannens sitt leiarteam |
| Administrativ arbeidsgruppe | Plan- og utbyggingssjefen v/Plan, kultursjefen, eigedomssjefen og evt. andre. |
| Planeigar | Kultursjefen |
| Prosjektleiing og sekretariat | Plan- og utbyggingssjefen v/Plan |
| Referansegruppe (r) | Administrativ arbeidsgruppe supplert med andre kommunale einingar, relevante lag og organisasjonar, andre ressurspersonar, eigarar, grunneigarar og institusjonar og forvalting innan kulturminnevernet. |

Administrativ arbeidsgruppe får ansvar for å utarbeida utkast til plan for kulturminne 2016-2020 i nært samarbeid med politisk og administrative styringsgrupper.

*Medverknad*
Målet er å leggje til rette for medverknad gjennom ein open og inkluderande planprosess. Former for medverknad er så langt ikkje fastsett, men ein vil ta i bruk eit vidt spekter av verkty og metodar frå *Medvirkning i planlegging*, Veileder KMD 2014. Arbeidsprogram og framlegg til plan vil bli lagt ut til offentleg ettersyn i minimum seks veker. Det skal opprettast ei eiga nettside for arbeidet med plan for kulturminne. For å skape engasjement og interesse for kulturminne og planarbeid er det viktig å etablere møteplassar som oppmodar til deltaking og diskusjon. Dette kan vera folkemøte, kurs, arbeidsgrupper og vandringar i kulturlandskapet.

*Framdrift*
Arbeidsprogram for plan for kulturminne vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn sommaren 2016. Målsettinga er at framlegg til plan vert politisk handsama hausten 2017. Sjå pkt. 6.4 i arbeidsprogrammet for meir informasjon.

## Vurdering:

Rådmannen er nøgd med at plan for kulturminne no vert starta opp.  Planen vil bli utarbeidd i medhald av kommunal planstrategi og i samsvar med overordna føringar. Målet med planen er å auka kunnskap og interesse for kulturminne- og miljø og leggja grunnlag for ei heilskapleg kulturminneforvalting.